
*Årsmelding
og Rekneskap
1995*

«Teatret Vårt»
AS REGIONTEATRET I MØRE OG ROMSDAL

HOVUDTREKK 1995



FRUEN FRA HAVET

Svein Roger Karlsen og Ingrid Jørgensen.

INNHOLD

Hovudtrekk 1995	side 2-3
Repertoaret 1994	side 4-5
Pressekipp	side 6
Utkipp	side 7
Teaterstatistikkar	side 8-9
Arbeid med formidling	side 10-12
Amatørteaterdrifta	side 13
Resultatrekneskap	side 14
Balanse	side 15
Revisor si fråsegn	side 16
Styret si fråsegn	side 17-18
Teatret sitt personale	side 19

AS Regionteatret i Møre og Romsdal, Teatret Vårt, legg fram sin rapport om aktiviteten i 1995:

«Teatret Vårt» er eit LOKALT teater med tre scener på heimebane i Molde.

«Teatret Vårt» er eit REGIONALT teater med turneansvar, formidlingsansvar og ansvar for teatertilbod til barn og unge, i samarbeid med kommunane i fylket.

«Teatret Vårt» er eit NASJONALT teater som hentar inn skodespelarar frå alle teatra i landet til alternative arbeidsprosessar og til gjestespel utanfor fylket.

«Teatret Vårt» er et INTERNASJONALT teater som satsar på klassisk og moderne dramatikk i møte med internasjonale instruktørar.

5 SATSINGSOMRÅDE FOR 1995

- Vidareutvikle formidlingsarbeid og ansvarleggjering av det kommunale mottakarapparatet for å nå fleire målgrupper.
- Utvikle tilbodet til barn og unge.
- Utvikle teatrets kunstneriske kvalitet og nivå.
- Finne fram til samarbeidspartnarar for fagleg inspirasjon og for å betre ressurs-utnyttinga.
- Utvikle ny norsk dramatikk.

RESULTAT AV MÅL FOR 1995

10 produksjonar

(1994: 5 produksjonar) Auke: 100%

293 framsyningar

(1994: 143 framsyningar). Auke: 104%

31.731 publikummarar

(1994: 13.018 publik.) Auke: 143%

Tal på framsyningar for BARN & UNGE: 120

(1994: 76 framsyningar). Auke: 57%

Publikumstal: BARN & UNGE: 11.689

(1994: 7.335 barn og unge). Auke 59%

Tal på framsyningar for VAKSNE: 173

(1994: 109 framsyningar) Auke: 58%

Tal pulikummarar:

VAKSNE: 20.033

(1994: 5.683 vaksne) Auke: 252%

Billettinntekter: 1.976.366

(Budsjett: 2.235.000). Avvik: 18%

Andre inntekter : 309.0872

(Budsjett: 239.000). Auke: 29%:

1995 var eit av dei beste åra i teatret si historie når vi snakkar om tal på framsyninga og publikumstilstrøyming. Sameleis var det eit toppår for satsing på barn og unge. Billettinntektene er dei høgste nokon gong, trass i at dei er lavare enn budsjettet. Avvik på driftskostnader skuldast tap ved samproduksjon i Oslo og auka deltid/overtidslønnskostnader, material/formidlingskostnader ved stor aktivitet/etterspørsel.

PÅ REPERTOARET:

Eit breidt samansett repertoar med spennvidde frå lokal forankring, via moderne samtidsteater til norsk klassikar.

To internasjonale instruktørar frå USA og Holland: Steve Stettler (som gjorde Brian Friels "Seinsommardansen" her i 1991 og Jos Groenier fra Holland, som tidligare gjorde "Hedda Gabler" på Nationaltheatret, utgjorde vår profil vidare med utanlandske instruktørar, i tillegg til teatrets eigen Vivi Sunde og regidebutanten Terje Strømdahl.

Fra Oslo Nye Teater gjesta Duc Mai The i hovudrolla i "A Clockwork Orange" og spelte også ein av hovudrollene i teatrets samproduksjon i Oslo av "Brødrene Løvehjerte".

Fra Riksteatret kom Stein Grønli og fra Rogaland Teater Ingrid Jørgensen og slutta seg til vårt ensemble.

Fra Teaterhøgskolen kom debutantane Gørild Mauseth og Bjørnar Teigen. I tillegg gjesta frilansarane Camilla Strøm Henriksen og Ingeborg Hungnes.

HOVUDTREKK 1995

Dramaturgen ved teatret, Ulla Backlund, vann Norsk Teater og orkesterforening sin pris for beste oversetting i 1995 for "A Clockwork Orange".

Dei to NOREGSPREMIERANE "A Clockwork Orange" og "Mirad..." giekk inn i vår samtidsserie "MOTGIFT" med ungdom som hovudmålgruppe:

NORSK URPREMIERE: "NO SKIN DET SOL" av Vidar Sandem, Hans Hyldbakk og Henning Sommerro.

NOREGSPREMIERE: "A CLOCKWORK ORANGE" av Anthony Burgess.

NORSK KLAASSIKAR: "FRUEN FRA HAVET" av Henrik Ibsen.

NOREGSPREMIERE: "MIRAD, EN GUTT FRA BOSNIA OG MOREN HANS" av Ad de Bont.

KAFETEATER I TEATERHUSET FORUM OPPSØKENDE PRODUKSJONAR:

"EG ER KVINNFOLK", ein cabaret

"EN LITEN IDIOT" av Lars Vik

"SIGNE OG SILKEVEIEN"

av Turi Tarjem

"SOM EN KLOVN SER DET"

av Elin Osjord

SAMPRODUKSJON MED THALIA AS /CHATEAU NEUF I OSLO:

Nyproduksjon av "BRØDRENE LØVEHJERTE" av Astrid Lindgren frå 1994.

5 ulike kurs for lærarar blei gjennomført for grunn- og vidaregåande skule i tilknyting til framsyningane våre. Her tok 60 del. Arbeidet mot barn og unge vakte stor merksamhet i media og overfor publikum med dagsaktuelt teater om vald og om flyktningproblematikken og førte til samarbeidspartnerar som Statens handlingsplan mot vald i media og Utlandingsdirektoratet med produksjonane "A clockwork Orange" og "Mirad..."

EVNE TIL FORMIDLING OG BEHOV FOR Å UTTRYKKE SEG

Dette er to av dei største og viktigaste utfordringane for norsk teater i dag. Vi har liten tradisjon for eit aktiv formidlingsarbeid ved norske teatre. Det er ei sjølvfølgje at dette arbeidet alltid baserer seg på det kunstneriske uttrykksbehovet og aktiviteten. Vi har ønskt å byggje vidare rundt det levande møtet som skjer i teatersalen. Ved å ta stilling til samtida.

Ved å få nye publikumsgrupper i tale. Ved å skape debatt og engasjement. Vi har difor arbeidd aktivt med publikumsretta aktivitet. Målet er å skape ein tettare og meir aktiv dialog med brukarane, samleis å ansvarleggjere eit mottakar-apparat gjennom kultur- og skuleetat lokalt med hensyn til formidlingsarbeidet av teater. Dessutan å skape rammer rundt teaterbesøket i for- og etterkant, som eit utvida publikumsmøte og ei integrering av teatret.

Eit viktig område har vore utfordringa til det naturlege mottakar- og samarbeidapparat: Kultur og skule-etat lokalt.

Samarbeidet med prosjektkommunar for kulturformidling held fram. Det resulterte i heile 8 kommunar i 1995, mot ein året før. Desse var RAUMA, NORDDAL, HERØY, ULSTEIN, SUNNDAL, TINGVOLL, SURNADAL og SYKKYLVEN.

Dette er noko av grunnen til publikumsauken gjennom dei siste 5 åra opp mot toppåret 1995. I sammenheng med dette må også sjåast utviklinga av dialogen med dei øvrige kommunane.

Aktivitet og resultat er ei synleggjering av forholdet mellom tilbod og etterspørsel. Vi opplever no eit gjennomslag for felles formidlingsansvar. Vi møter idear og offensivitet frå kommunane og eit ynskje om ansvarleggjering og skulering. I 1996 ser eit nytt prosjekt i tråd med dette dagens lys: samarbeidet med UNGE RIKS-RIKSTEATRET, TEATER OG DANSESENTRUM, NORSK MUSIKANTBRUK-RIKSKONSERTANE og NORSK KULTURRÅD som saman med teatret vil by på ei formidling og eit breidt repertoar - til barn og unge.

NY, NORSK DRAMATIKK

Ny norsk urpremiere av Vidar Sandem, bygd over den lokale diktaren Hans Hyldbakkens liv og diktning fann stad i 1995. Utviklinga vidare av ny norsk dramatikk, så som dramatiseringa av Agnar Mykles "Lasso rundt fru Luna" og Vidar Sandems portrett av Moldeforfattaren Nini Roll Anker, basert på hennar dagbøker og diktning, har vore arbeidd med, fram mot urpremierer i 1996 og 1997.

AMATØRTEATER:

Teatrets amatørteater-avdeling hjelpte ei rekke lag med kurs, teknisk utstyr, instruksjon, manuskript og kostymer. Dessutan samarbeidde avdelinga omkring Ungdommens kulturmønstring.

KONKLUSJON PÅ 1995

Aktivitet, publikumstilstrøyming og billettinntekter har resultert i eit av dei beste åra i teatrets historie. Dette skuldast ved sidan av repertoarval og kunstnariske sigrar, eit gjenombrot i

formidlingsansvaret og arbeidet kommunalt og gjennom ei sterk satsing på barn og unge. Dette året er altså eit bilde på forholdet mellom TILBOD og ETTERSPORSSEL. Alle kommunar har fått tilbod. Det same gjeld heile skuletrinnet frå førskule t.o.m. vidaregåande skule.

Denne aktiviteten viser det maksimale av kva vi greier å produsere.

Publikumsbesøket viser stor etterspørsel etter teater i Møre og Romsdal, gjennom lokalt samarbeid, om lag lik 1995-omfang. Samtidig viser prislappen eit underskot på kr.600.000

på overskridne kostnader vedrørande deltids, overtids, formidlings- og produksjonskostnader.

Dette kostar det å tilby teater i eit slikt omfang og innanfor slikt formidlingsarbeid.

I tillegg prøvde teatret eit samarbeidsprosjekt med eit privat-teater i Oslo med ny-produksjon

av teatrets framsyning frå 1994: "Brødrene Løvehjerte" av Astrid Lindgren. Avtalen var på 35% fordeling av kostnader på teatret og 65% på Thalia. Den same prosentnøkkelen på inntekter/tap. P.g.a. uforutsette omstende som sjukdom og besøkssvikt førte ikkje denne produksjonen til dei venta inntekter for teatret, men i staden til eit tap ved større kostnader enn venta inntening. Kostnader på ca kr. 600.000 og ei inntekt på berre kr. 180.000, mot venta kr. 300.000. Denne samproduksjonen var tenkt både som ressursutnytting ved gjenbruk av teatrets framsyning frå 1994 og som eit forsøk på å tilføre teatret nye, friske økonomiske middel.

Underskotet for 1995 vil bli innarbeidd over to år.

REPERTOAR 1995

I Teaterhuset Forum i Molde, i Store Sal, prøvesal og i kaféen.
På turné i Møre og Romsdal. På gjestespel i Oslo og Trondheim.

"NO SKIN DET SOL"

av Vidar Sandem, bygd på tekstar av Hans Hyldbakk med musikk av Henning Sommerro.

Regi: Terje Strømdahl. Scenografi: Arne Nøst. Kostymer: Åshild Mjåseth/Gerd G. Austnes.

Lys: Finn Landspergh. Med: Ingeborg Hungnes og Johan B. Kjeldsberg og Distriktsmusikargruppa Vestnes/Molde: Asgeir Hoffarth, Judith T. Sylte og Per Kåre Fossum.

URPREMIERE 18.2.95 I SUR-NADAL. 64 FORESTILLINGER i MOLDE OG PÅ TURNÉ I MØRE OG ROMSDAL. GJESTESPEL I OSLO PÅ DET NORSKE TEATRET OG PÅ TRØNDELAG TEATER I TRONDHEIM.

"A CLOCKWORK ORANGE"

av Anthony Burgess.

Omsett av Ulla Backlund. Regi: Steve Stettler. Koreografi: Knut Morten Damm. Scenografi: Svein Lund Roland. Kostymer: Mette Jacobsen. Masker: Per Ragnar Karlsen. Lys: Annar Engell. Med: Duc Mai The, Gøril Haukebø, Turi Tarjem, Aril Martinsen, Randolph Walderhaug, Terje Ranes, Even Rasmussen og Svein R. Karlsen. NOREGSPREMIERE 16.3.95 I MOLDE. 42 FRAMSYNINGAR I MOLDE, PÅ TURNÉ I MØRE OG ROMSDAL OG PÅ GJESTESPEL I OSLO (CHATEAU NEUF).

"FRUEN FRA HAVET"

av Henrik Ibsen.

Regi og scenografi: Jos Groenier. Lys: Reiner Tweebecke. Med: Ingrid Jørgensen, Stein Grønli, Gørild Mauseth, Camilla Strøm Henriksen, Aril Martinsen, Terje Ranes, Svein R. Karlsen og Johan B. Kjeldsberg.

PREMIERE 16.9.95 I MOLDE. 50 FRAMSYNINGAR I MOLDE OG PÅ TURNÉ I MØRE OG ROMSDAL.

"MIRAD, EN GUTT FRA BOSNIA OG MOREN HANS"

(del 2) av Ad de Bont.

Omsetting: Ulla Backlund. Regi: Vivi Sunde. Scenografi: Arne Nøst. Med Bjørnar Teigen og Gøril Haukebø.

NORGESPREMIERE 16.9.95 i MOLDE. 67 FRAMSYNINGAR I MOLDE OG PÅ TURNÉ I MØRE OG ROMSDAL.

"EG ER KVINNFOLK"

 en kabaret.

Regi: Morten Borgersen. Med Gøril Haukebø og Knut Ivar Bøe.

REPRISE FRA 1994. 8 FRAMSYNINGAR I MOLDE OG PÅ TURNÉ.

"EN LITEN IDIOT"

 av Lars Vik.

Regi: Vivi Sunde. Med Aril Martinsen og Randolph Walderhaug.

REPRISE FRA 1994. 7 FRAMSYNINGAR I MOLDE.

"SIGNE OG SILKEVEIEN"

 fortel-larteater av og med Turi Tarjem.

PREMIERE 18.11.95 I MOLDE. 12 FRAMSYNINGAR I MOLDE OG PÅ TURNÉ.

"BRØDRENE LØVEHJERTE"

av Astrid Lindgren.

Omsetting og regi: Morten Borgersen.

Scenografi: Arne Nøst. Kostymer: Åshild Mjåseth/Gerd G. Austnes.

Koreograf: Knut Morten Damm.

Masker: Hanne Revold. Med: Duc Mai The, Jørgen Langhelle, Wilfred Breistrand, Inger Teien, Sigrid Huun/Oda Schjøll, Ole Ludvig Vandbakk, Lars Sørbø og Owe Christian Owe, Jonas Digerud og Bjørnar Westbye Pedersen.

SAMPROSJEKT MED THALIA AS.

PÅ CHATEAU NEUF I OSLO.

REPRISE FRA 1994. PREMIERE 20.11.95 i OSLO. 21 FRAMSYNINGAR.

"SOM EN KLOVN SER DET"

 av og med Elin Osjord.

En klovneforestilling. Gjestespel på Teatret Vårt i Molde og på turne. 6 framsyningar.



EN LITEN IDIOT
Aril Martinsen (t.v.) og Randolph Walderhaug.

REPERTOAR 1995

Kaféteater: 16 framsyningar i Molde:

VÅREN 1995

14.1:
"THE BUTTERFLIES"
konsert med Møremusikarane

28.1:
"ØYEBLIKKET"
med Morten Jostad, Om HC.
Andersen. I samarbeid med
Kirkeakademiet

11.2:
"APROPOS CLOCKWORK...."
med instruktør Steve Stettler, skue-
spiller Duc Mai The og marknadssjef
Tine Kjær.

25.2:
"Å HERREGUD"
ei framsyning av og med skodespelaren
Terje Ranes.

4.3:
"TANTE BLOMMA"
av Kristina Luggn. Gjestespel av
Jugendteatret i Ålesund.

11.3:
"APROPOS NO SKIN DET SOL...."
med dramatikar Vidar Sandem,
skodespelar Ingeborg Hungnes og
musikar Asgeir Hoffarth.

25.3:
"APROPOS CLOCKWORK" ved
åferdpsykolog Stål Bjørkly.

22.4:
"GODT PÅ NORSK"
med Møremusikarane

6.5.:
"I HØVE TUSEN ÅRS JUBILEET
FOR DEN NORSKE KYRKJE"
samarbeid med Kirkeakademiet.

HAUSTEN 1995

26.8:
"ÅPENT HUS"
Omvising i teatret, foredrag v/
Ibsensenteret omkring "Fruen fra
havet" og folkemusikk frå Bosnia apro-
pos "Mirad...". Åpne prøver på "Fruen
fra havet" og "Mirad". Kafé og utstilling.

9.9:
"SALMETEKSTAR"
musikk og opplesing ved skodespelar
Randolf Walderhaug og Arnhild
Gjendem.

23.9:
"SOM EN KLOVN SER DET"
av og med Elin Osjord.

7.10:
"MAIBRITT"
av Lotte Kjærup. Samarbeid med
Piccoli-teatret og skodespelar Ingrid
Jørgensen.

21.10:
"SØREN KIREKEGAARD-PRO-
GRAM" v/Morten Jostad. Samarbeid
med Kirkeakademiet.

4.11:
"APROPOS MIRAD...."
ved instruktør Vivi Sunde, skodespelar
Bjørnar Teigen og Gøril Haukebø,
musikar Miroslav Jokic.

18.11:
"SIGNE OG SILKEVEIEN"
av og med Turi Tarjem. Urpremiere.



EG ER KVINNFOLK

Knut Ivar Bøe og Gøril Haukebø.

PRESSEKLIPP

Pressekipp frå året som gjekk

A CLOCKWORK ORANGE

av Anthony Burgess.

«Blinkskudd», skriv teater-meldar Hans Rossiné i Dagbladet om «A Clockwork Orange», og held fram. «Det er ikke ofte norsk teater kommer sånn på banen i den pågående samfunnsdebatten som Teatret Vårt nå gjør med sin oppsetning av Anthony Burgess-klassikeren «A Clockwork Orange».

«Stykket («A Clockwork Orange») er så kraftig og kommuniserer så direkte og brutalt med publikum at innvendingene blekner». (Astrid Slettbakk i VG).

«Eit meir dagsaktuelt stykke er vanskeleg å finne». (Johs. Bar i Fylket).

NO SKIN DET SOL

musikkteater av Vidar Sandem og Henning Sommerro.

«Ein slik teaterkveld får ein ikkje mange sjanser til å oppleva. Urpremiere med hovedpersonene i stykket som tilskodar på første benk saman med forfattar, komponist og regissør. I fullsett sal nytta folket i heimbygda høvet til å heidra Hans Hyldbakk». (Martin Nordvik i Adresseavisen).

«Han Hans har vorte heidra mykje i det siste han - både med byste på sokkel og Kongens gull. Eg trur Teatret Vårt har sørga for den heideren han sjølv vil dette størst pris på». (Ordføraren i Surnadal 1995).

«No skin det sol» helt i toppen av Teatret Vårts suksesser». (Jan Øivind i Tidens Krav).

MIRAD - EN GUTT FRA BOSNIA OG MOREN HANS

av Ad de Bont

«Tettpakket time», meiner Martin Nordvik i Adresseavisen. «I skue-

spillversjonen forsøker forfatter(instruktør) å komme bak de dystre nyhetene om krigen i tidligere Jugoslavia».

«Drivende godt teater», skriv Ann Kristin Frøystad i Romsdals Budstikke. «Skjelden har jeg opplevd slik kontakt mellom skuespiller og publikum, og hørt en så grufull historie».


FRUEN FRA HAVET

av Henrik Ibsen


Regissør Jos Groenier «har skapt en spennende, ny havfrue». (Ann Kristin Frøystad i Romsdals Budstikke).

«Fruen fra havet» er en forestilling med stort og godt potensial. Den er vakker og renlinjet både visuelt og i indre oppbygning. Med litt polering og lukearbeid vil den også bli en troverdig, overbevisende forestilling». (Astrid Slettbakk i VG).


«Vakkert samtidsdrama». (Ove Rødal i Sunnmørsposten).



A CLOCKWORK ORANGE
Duc Mai The



NO SKIN DET SOL
Ingeborg Hungnes



NO SKIN DET SOL
Johan B. Kjeldsberg

UTKLIPP

TEATER PÅ TOPP

«Er det behov for flere kunst- og kulturtilbud i skolen? Utvilsomt er det store forskjeller fra skole til skole på dette punktet. Noen vektlegger slike arrangementer, andre gjør det ikke i samme grad. Det er nok mer snakk om prioriteringer og økonomi, enn mangel på tilbud - i hvert fall i sentrale strøk. Når vi ser på lærerne/rektorene under ett, kommer det fram klare ønsker om flere arrangementer. Bohovet for kunst- og kulturarrangementer i skolen, ble prioritert som følger:

1. Teaterforestillinger 89 prosent
2. Ustillingar 78 prosent
3. Danseforestillinger 75 prosent
4. Konserter 72 prosent
5. Forfatterbesøk 69 prosent

Fordelingen mellom kunstartene er interessant. Behovet for teaterforestillinger er tydeligvis stort, men ellers kommer kunstartene relativt likt ut - til og med dans, som ellers er marginalisert i skolen. At utstillinger ble prioritert såpass høyt, skyldes trolig at tilbuddet her ikke er godt nok utbygd». (*Frå Handlingsplan for dei estetiske faga og kulturdimensjonen i grunnskolen. Utgitt av Kulturdepartementet og Kyrkje, utdannings- og forskningsdepartementet.*)

TEATRET VÅRT

har hatt eit særskilt aktivt år med 292 framsetningar og rundt 32.000 tilskodarar. I 1995 har Teatret Vårt kunna tilby følgjande produksjonar: «A Clockwork Orange», «No skin det sol», «Fruen fra havet», «Mirad - en gutt fra Bosnia og moren hans», «En liten idiot», «Eg er kvinnfolk», «Som en klovn ser det», «Signe og Silkeveien» og ulike framsetningar på Kaféteatret. Det har med andre ord vore mange ulike produksjonar på vegen. Fleire produksjonar betyr høge utgifter. Det inneber, trass i høge publikumstal, gjekk Teatret Vårt med eit underskot på over ein million. Det skuldast for høg aktivitet i høve til tilskota og at ein «turné» til Oslo med «Brødrene Løvehjerte» gjekk med stort underskot.

Amatørteateravdelinga har ytt tenester til mange ulike teatermiljø i fylket. Amatørteateravdelinga hadde overskot i forhold til budsjett for 1995.

(*Henta frå årsrapporten 1995, Kulturavdelinga Møre og Romsdal fylkeskommune.*)

UNGDOMSTEATER MOT

VOLD

«Teater egner seg godt til å belyse skillset mellom fakta og fiksjon, og til diskusjoner og holdningsdannelse i forhold til vold og konfliktløsninger. Med muligheten til selv å utvikle handlingen og finne positive løsninger i en dramaturgisk sammenheng, kan teater i skolen være verdifullt redskap i holdningsskapende arbeid. Teatret Vårt i Molde har startet forestillinger som tar for seg temaet vold. I forbindelse med skoleforestillingene vil det bli produsert lærerveiledninger og elevhefter for videre arbeid med temaet». (*Frå regjerings handlingsplan mot vold i bilde-media*).



FRUEN FRA HAVET

Fra venstre: Stein Grønli, Ingrid Jørgensen, Gørild Mauseth, Aril Martinsen og Terje Ranes. Foran: Camilla Strøm Henriksen.

TEATERSTATISTIKKAR

FRAMSYNINGAR OG BILLETTINNTEKTER

Publikum	31.731
Framsyningar	293
Billettintekter	1.923.072
Gj.snitt inntekt pr.bill.	60.35
SALS- OG INFOKOSTNADER	
Annonsar framsyningar	294
Annonsar andre	48
Reklame/plakatar/ fotografering	66
Program	121
Anna	51
TOTALT	580

PERSONALUTGIFTER I 1000 KRONER

Teatersjef/administr./info	1.013
Sals- og info-personale	483
Skodespelarar	2.607
Teknisk avdeling	1.859
Systove	271
Amatørteateravdeling	311
Sufflør	140
Dramaturg	70
Andre	1.004
TOTALT FASTE/ ENGASJERTE	7.758

FAST TILSETT PERSONALE

Teatersjef/administr./info	6
Skodespelarar	6
Teknisk personale	5
Systove	2
Dramaturg	2
Amatørteateravdeling	1
TOTALT FAST TILSETTE	22
Utgjer 22 heile stillingar	

DELTIDSTILSETTE

I tillegg til dei fast tilsette var det engasjert tilsaman 82 personar på deltid i løpet av året.

PUBLIKUMSTAL I 1995

Produksjonar	Framsyningar	Publikum	Bill. intekterar Regnskap	Bill. intekterar Budsjett	Besøks prosent
No skin det sol	64	9033	855.791	790.000	94%
A Clockwork Orange	42	4925	307.656	560.000	78%
Fruen fra havet	50	5127	337.210	469.000	68%
Mirad	67	6518	190.075	157.000	75%
En liten idiot	8	140	14.737		34%
Signe og Silkeveien	7	100	12.737		29%
Som en klovn ser det	12	341	13.675		52%
Kaféteater (inkl 1 forst. Signe og 1 forest. Klovn)	6	126	5.750		35%
Sum	272	26831	1.805.238	2.005.000	
Brødrene Løvehjerte	21	4900	180.446	300.000	25%
Sum	293	31731	1.985.684	2.305.000	
Minus trekk frå 94 pluss fra 95 faktura			9.318		
Totalt	293	31731	1.976.366	2.305.000	

TILSKOTT, INNTEKTER, FRAMSYNINAR OG TILSKODARAR DEI SISTE FEM ÅRA

År	Eiga inntekt	Offentlege tilskott	Billett intekterar	Tal på framtsyningar	Tal på tilskodarar
1991	1.035.754	11.614.000	605.535	256	16645
1992	1.148.649	12.329.928	993.965	246	19322
1993	1.527.547	12.295.051	1.263.549	262 *	32048 *
1994	1.261.446	12.564.130	901.899	143	13118
1995	2.286.235	12.939.722	1.976.366	293 *	31731 *

Auke billett inntekter dei siste 5 år: 225%
Auke av publikum dei siste 5 år: 90%

* (Note 1993*:
Av 262 framsyningar var 26 v/Riksteatret og 32 v/Den Nationale Scene som samproduksjonar.
Av 32.048 publikummarar var 8.672 v/den Nationale Scene og 2.909 v/Riksteatret som samproduksjonar.
Note 1995*:
Av 293 framsyningar var 21 v/Chateau Neuf som samproduksjon og av 31.731 publikummarar var 4.900 v/Chateau Neuf som samproduksjon).

TEATERDRIFTA I SAMFUNNS ØKONOMISK SAMANHENG

Totale driftsutgifter	16.661.270
Lønsutgifter inkl. oppt. ikkje utbet. feriep.samt arb. gj. avg., styrehonorar og stipend	10.012.460

i prosent av totale driftsutgifter	60.09
Skattetrekk tilsette	2.278.552
Arbeidsgjevaravgift	1.096.857

TILSKOTT

Staten	8.830
Fylkeskommunen	1.899.950
Molde kommune	1.892.000
Andre tilskott	317.772
SAMLA TILSKOTT	12.937.722

TOTALE DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSUTGIFTER

Eigne inntekter = prosent av totale driftsutgifter	1.976.366
	11.86

TEATERSTATISTIKKAR

FRAMSYNINGAR OG BILLETSAL FOR BARN OG UNGOM

Framsyningar	Skuleframsyningar	Barn	Ungdom
A Clockwork Orange	18		750
Fruen fra havet	20		936
Mirad	41		5645
Signe og Silkeveien	13	341	
Som en klovn ser det	7	126	
Brødrene Løvehjerte	21	3000	900
SUM	120	3467	8231

PÅ TOPP I 1994

1. No skin det sol	9033 tilskodarar
2. Mirad, en gutt fra Bosnia og moren hans	6518 tilskodarar

TRE PÅ TOPP PUBLIKUMSBESØK 1972-1994

Barne- og familieframsyningar

Tittel/år	Framsyningar	Publikum
1. Snøkvit og Dvergane/1977	53	16.269
2. Dyrekubben møter Torden-Olsen/1980-81	57	9.000
3. Brødrene Løvehjerte/1994	60	8.063

Framsyningar for ungdom

Tittel/år	Framsyningar	Publikum
1. Du vil vel bli lykkelig/1976	58	8.910
2. Fremmed/1979	35	8.000
3. Lærlingen/1978	27	6.750

Klassikarar

Tittel/år	Framsyningar	Publikum
1. Victoria/1993	56	13.399
2. Tre Par/1974	39	6.601
3. Fruen fra havet/1995	50	5.127

Moderne dramatikk

Tittel/år	Framsyningar	Publikum
1. Trafford Tanzi/1984	42	8.685
2. A Clockwork Orange/1995	43	4.925
3. Glassmenasjeriet/1983	36	4.850

Norske urpremierer

Tittel/år	Framsyningar	Publikum
1. No skin det sol/1995	64	9.003
2. Dyrekubben møter Torden-Olsen/1980	57	7.600
3. Der storbåra bryt/1979	45	4.407

Komediar

Tittel/år	Framsyningar	Publikum
1. Gjett hvem som kommer til middag/1979	35	6.929
2. Som snytt ut av nesa/1985	42	6.770
3. Panikk i kulissene	40	5.750

Av "Tre på topp-lista" frå teatrets start i 1972 til 1995, ser vi at tre av oppsettin-gane i 1995 har kome med: Fruen fra havet, No skin det sol og A Clockwork Orange.

NORSKE SKODESPEL URFRAMFØRT PÅ TEATRET VÅRT DEI SISTE FEM ÅR:

År	Oppsetjinar	Framsyningar
1991	-	-
1992	6	164
1993	3	121
1994	2	8
1995	1	65

SKODESPEL FOR BARN OG UNGE DEI SISTE FEM ÅRA:

År	Oppsetjinar	Framsyningar
1991	3	86
1992	7	74
1993	1	56
1994	2	76
1995	6	120

DEI ULIKE KOMMUNENES TILBOD I 1995

Kommune	Tal på framsyningar
Molde (Verkskommune)	130
Rauma (Prosjektkommune)	11
Aukra	2
Midsund	2
Vestnes	2
Fræna	3
Tingvoll (Prosjektkommune)	5
Kristiansund	8
Smøla	1
Aure	2
Surnadal (Prosjektkommune)	9
Rindal	1
Gjemnes	1
Sunndal (Prosjektkommune)	9
Averøy	2
Halsa	1
Tustna	2
Ålesund	20
Ulstein (Prosjektkommune)	7
Herøy (Prosjektkommune)	6
Ørskog	3
Haram	2
Volda	8
Ørsta	1
Norddal (Prosjektkommune)	3
Stranda	6
Sykylven (Prosjektkommune)	6
Sula	3
Hareid	2
Sandøy	1
Oslo	8
Trondheim	3

ARBEID MED FORMIDLING 1991-1995:

EIN AGENDA FOR ARBEIDET MED FORMIDLING 1991-1995:

Som tidlegare nemnd er arbeidet med formidling og eit utvida møte med publikum ein av dei viktigaste utfordringane for norsk turneteater i dag. Sidan 1991 har dette arbeidet vore høgt prioritert og gitt seg ulike utslag. Teatret har i dag 5 ulike formidlingsmodellar:

1. Tradisjonelt arrangørsmarbeid.
2. Prosjektkommunesamarbeid.
3. Partnarkommunesamarbeid.
4. Spesialprosjekt.
5. Samprosjekt Unge Riks/Teatersentrum/Musikantbruket.

Naudsynlede element i formidlingsarbeidet:

Strategi/Kundenett/Oppskande/tilrettelegging/Varekunnskap/Velje målgrupper/Sals- og informasjonsmessige verkemiddel og tiltak/Utføring/Ansvar/Deadlines/Evaluering.

Føresetnader for arbeidet:

Tilbod/Bevissthet om prosessen mellom bodskap og brukar/Kunnskap/Reiskap/Økonomi/Ansvarlegjering/Skulering/Langsigkt planlegging/Ubyråkratiske prosessar/Lokaliteter.

DETTE HAR SKJEDD SIDAN 1991:

TILBOD TIL BEDRIFTER/FORENINGAR/LAG:

- 1991 IRSK LAPSKAUS, ein cabaret.
ALMISSE FOR FALLEN ENGEL av Allan Bennett.
- 1992 VANN OVER HODET, ein cabaret.
BJØRNSON OG KJÆRLIGHETEN
BJØRNSON OG BARNA

SAMARBEID MED JAZZFESTIVALEN:

- 1991-95 Utleige som konsertlokale av store sal og kafe.
1991 ALMISSE FOR FALLEN ENGEL,
i samarbeid med Romsdalsmuseet.
1992 KUNSTNERENS LIV, eit program om Jens Bjørneboe.
1993 SAFT, ein kvinnecabaret.
1995 A CLOCKWORK ORANGE.

SAMARBEID MED BJØRNSONFESTIVALEN:

- 1992-95 Utleige av store sal til festivalen.
1992 Urpremiere på FISKERJENTEN, BJØRNSON FOR BARN og deltaking av skodespelarar ved forfatterarrangement
1993 MAMSEPAPSEN, klovneframsyning av Karl Sundby og deltaking av skodespelarar ved forfattararrangement.
1995 NO SKIN DET SOL og deltaking av skodespelarar ved forfatterarrangement.

SAMARBEID MED DEI NYNORSKE FESTSPELA I ØRSTA/VOLDA:

- 1992 Knut Ødegaard-program og "Haugtussa".
1993 Urpremiere av Vidar Sandem om forfatteren Rasmus Steinsvik.

SAMARBEID MED ANDRE FESTIVALAR:

- 1993 Regionteaterfestival og Nordiske Teaterdager i Oslo. Gjestespel i Oslo med "Tre søstre" og "Sprit"
Teatret Vårt: Case på formidlingsseminar med stor fagnad.
- 1993 ÅLESUND TEATERFESTIVAL.
Geografi og kjærlighet, Victoria og Sprit.
- 1993 KRISTIANSUND TEATERFESTIVAL
Geografi og kjærlighet, Victoria og Sprit.
- 1994 NORSK DRAMATIKKFESTIVAL:
Urpremiere på DNT: "En liten idiot" av Lars Vik.
- 1994 ÅLESUND TEATERFESTIVAL
Tre Søstre, Sprit og Tsjekov-seminar.
- 1995 ÅLESUND TEATERFESTIVAL:
"No skin det sol" og "A Clockwork Orange".

KAFETEATER:

- 1991-95 64 arrangement/framsyningar: Laurdagssmatinear med foredrag omkring og glimt frå repertoaret, opplesing, diskusjon og musikk i kafeen i teaterhuset Forum.
(1991 i daglegstovene på Hotel Alexandra)

OPE HUS, 4 ARRANGEMENT:

- 1992-95 Publikum blei invitert til omvising i teatret i Molde, til foredrag omkring repertoaret, til kafe og musikk og til åpne prøver.

SAMARBEID OMKRING MOLDE OG KRISTIAN-SUND BYJUBILEUM

- 1992 Gjennom 2 norske urpremierar og festforestilling med representantar frå Kongehuset til stades.

PRØVESALEN:

- 1992-95 Arena for intimteater: 40 arrangement/framsyningar Almisse for fallen engel/En glad gutt/Behold dine roser/Hodet over vannet/Bjørnson for barn/Sprit/Hunder og katter/Dramalesning/En liten idiot/Eg er kinnfolk/Maibritt/ Mirad/Som en klovn ser det/ Øyeblikket/Å herregud/Tante Blomma.

SAMARBEID MED KIRKEAKADEMIET I MOLDE:

- 1993 ET MØTE MED PAUL CLAUDEL
1994 MONOLOGER FOR GUD OG HVERMANN, dukketeater.
FARVEL KRAKOW, Teater Dybduk.
1995 ØYEBLIKKET, om HC Andersen v/Morten Jostad.

ARBEID MED FORMIDLING 1991-1995:

ET MØTE MED SØREN KIREKEGAARD
v/Morten Jostad.

SAMARBEID MED MØREMUSIKERNE/DISTRIKTSMUSIKERNE I MØRE OG ROMSDAL:

- 1992 VANN OVER HODET, ein miljøcabaret
- 1992 FISKERJENTEN
- 1994 KYRKJEKULTUR I GLEDE
KLASSISK ROCK OG DOBBEL TRIO
VENNSKAP
MUSIKK FOR FOLK
ROCK;N ROLL KAFE
MUSIKALSK JULEBRYGG
- 1995 NO SKIN DET SOL
THE BUTTERFLIES
GODT PÅ NORSK

SAMARBEID MED DISTRIKTSHØGSKOLEN I MOLDE:

- Sesongen
1993-94 Forum i Fokus: Arena for debatt, forelesingar og diskusjon knytta til foredragshaldarar ved DH.

GJESTESPEL

- 1992 STORMEN og FISKERJENTEN (Oslo)
- 1993 VICTORIA (Bergen), GEOGRAFI OG KJÆRLIGHET (Oslo)
- 1994 TRE SØSTRE (Oslo og Festspillene i Bergen), SPRIT (Oslo)
- 1995 A CLOCKWORK ORANGE (Oslo)
NO SKIN DET SOL (Oslo og Trondheim)

INNVIING AV NYTT TEATERHUS: MAI 1992

SAMARBEID MED IBSENSENTERET I OSLO:

- 1993 PEER GYNT, foredrag og bakrunnsstoff internt/externt
- 1995 FRUEN FRA HAVET

SAMARBEID MED TEATERHØGSKOLEN I OSLO

- 1993 PEER GYNT, skulering med stemmebruks og rørslepedagogar.

SAMARBEID MED ANDRE TEATRE:

- 1993 VICTORIA og GEOGRAFI OG KJÆRLIGHET, turné RIKSTEATRET.
- 1993 VICTORIA av Knut Hamsun, samproduksjon med DEN NATIONALE SCENE, produsert og spelt ved begge teatra.
- 1995 BRØDRENE LØVEHJERTE, samproduksjon med Thalia AS på Chateau Neuf i Oslo.

SAMARBEID MED TRØNDELAG TEATER OG UNIVERSITETET I TRONDHEIM:

- 1994 Dramatikerverksted i Trondheim.

SARAJEVO-AKSJON

- I samarbeid med DRAMATEN i STOCKHOLM:
1994 Innsamling til kollegaer i Sarajevo gav 25.000 kr.

SAMARBEIDSPARTNARAR 1991-1995:

Glamox AS. Elmo. Braathen Safe. Hotel Alexandra. Fylkeslegen i Møre og Romsdal. Barne- og familieliedepartementet. Utlendingsdirektoratet. Statens handlingsplan mot vald i media. Utdanningsdirektøren og skulesjefen i Møre og Romsdal

13 SKOLEKURS:

I samarbeid med Statens Senter for lærarutdanning v/Universitetet i Oslo, ved Høgskolen i Oslo og Volda:

- 1991 Teater i undervisninga/i tilknyting til "Mens vi venter på Godot"
- 1992 Klassikar i klasserommet vedr. Stormen og Fiskerjenten
- 1993 Klassikar i klasserommet vedr. Victoria og Peer Gynt
Teater i undervisinga i tilknyting til Sprit
- 1994 Klassikar i klasserommet vedr. Tre Søstre
Lærar/elevkurs i tilknyting til Brødrene Løvehjerte
- 1995 Klassikar i klasserommet vedr. Fruen fra havet
Lærarkurs i tilknyting til Mirad og A Clockwork
Lærarkurs i tilknyting til Brødrene Løvehjerte.
1995 Generelt dramakurs for lærarar

I tillegg har skodespelarane ved teatret besøkt fleire skular for å snakke om teater. Skuleklassar har vore invitert til prøver og omvising i teatret.

DELTAKING I SEMINAR, KONFERANSAR OG DIV. ARRANGEMENT :

ROTARY, LIONS OG INNER WHEEL 1992-93.

MOLDE KUNSTFORENING 1993.

SKOLESEMINAR, Molde og Ålesund 1993-94.

NOKU, 3 regionkonferansar i 1993.

KULTUR OG PSYKISK HELSE 1995, Møre og Romsdal

NÆRINGSLIV OG KULTUR, Molde 1993 og 1995.

FYLKESKULTURKONFERANSE 1995.

FORUM FOR KULTURFORMIDLING, Møre og Romsdal frå 1995.

PROSJEKTKOMMUNE-SEMINAR/FORMIDLING 1995

BIDRAGSYTER TIL:

CASE i KULTURPOLITISK MODELL, HØGSKOLEN I VESTFOLD 1994.

FYLKESKULTURPLAN for Møre og Romsdal 1995

ARBEID MED FORMIDLING 1991-1995:

STATENS HANDLINGSPLAN mot vald i media 1995.
FORMIDLINGSDEBATT i lokalpressa i Møre og Romsdal
i 1994.

KULTURDEBATT I RIKSMEDIA 1992-1995

NORSK TEATERÅRBOK 1995

TEATRETS EKSTERNE RÅD:

Sidan 1993 har teatret hatt ei uformell samtalegruppe om teatrets profil og integreringsevne. Medlemmar frå kultur, media, næringsliv og skule har vore: Kjell Bjordal, Per Helge Malvik, Richard Nergaard, Ingunn Nordervall, Elen Lein, Marie Egset Haug, teatersjef og informasjonsleiar.

Styre ved teatret, dei tilsette og det eksterne rådet gjennomførte i 1995 et strategimøte om teatret på veg mot år 2000

PRAKSISPLASS:

Vi har sidan 1992 hatt ein fast praksispllass for ungdom, rekruttert frå amatørteatermiljøet. Ungdom som ønsker å arbeide vidare med profesjonelt teater, har utført ulike funksjonar frå prøvestart til siste framsyning, gjennom eitt år av gongen.

MEDIADEKNING OG KULTURPOLITISK AKTIVITET 1991-1995:

Teatret har ei brei dekning i media lokalt, på fylkesplan og på riksplan innan ulike media. Samlingane med Argus-klipp viser stor interesse for aktiviteten og dei kulturpolitiske utspela ved teatret.

I 1991 blei den første sjefen og repertoaret ved teatret gjengjennomført gjennomfør grunna manglende tilskot frå UD. Sameleis engasjerte teatret seg i den aktuelle debatten omkring ny kulturmelding og eigarforholda for regionteatra.

I 1992 ble to norske urpremierar med lokal forankring bl.a Veøy-spelet, samt innviing av eige og nytt teaterhus, pluss teatrets 20 årsjubileum med fire av veteranane frå starten tilbake (Ola B. Johannessen, Kjetil Bang Hansen, Helge Hoff Monsen og Knut Walle) gjengjennomført gjennomfør grunna manglende tilskot frå UD. Sameleis engasjerte teatret seg i den aktuelle debatten omkring ny kulturmelding og eigarforholda for regionteatra.

I 1993 var det utvikling av formidlingsarbeidet med prosjektkommunar, ved sidan av norske klassikarar, ikkje minst ein

ny og utradisjonell Peer Gynt som hausta mest oppmerksamhet.

1994 var media opptekne av topp-krefter frå russisk teater i Molde, sameleis invitasjon til Festspela i Bergen og til gjestespel på Moskva kunstnarteater, som dessverre ikkje let seg gjennomført grunna manglende tilskot frå UD. Sameleis fylgde media opp utviklinga av barne- og ungdomstilbodet.

I 1995 var både urpremiere på Hyldbakk-cabaret, Norgespremiere midt i den aktuelle valdsdebatten med A

Clockwork Orange og nok ein Ibsen-klassikar med nye auge - hovudfokusert. Både kulturkomiteen og Mørebunken på Stortinget fekk besøk av teatret eller besøkte teatret i Molde.

TEATRETS TILLITSMENN I 1995:

Norsk Skuespillerforbund: Terje Ranes

Norsk Tjenestemannslag: Mary Farstad

Norsk Musikerforbund: Bjørn Kalvatsvik.

Film og teaterteknisk: Bergljot Rørvik

MEDLEMMAR AV KUNSTNARISK RÅD:

Valt av teatersjefen: Ulla Backlund, dramaturg, Turi Tarjem og Aril Martinsen.

Valt av ensemblet: Vivi Sunde, Randolph Walderhaug og Gøril Haukebø.

FAGLEG FORA

Møte for intern skulering:

Jan-mars: Fysisk trening med Knut Morten Damm. I nov: Skodespelarens uttrykksbehov og engasjement.

STIPEND I 1995:

Skodspelarstipend frå Teatret Vårt:

Randolph Walderhaug, Terje Ranes, Johan B.Kjeldsberg. Turi Tarjem. Carmen de la Nuez-stipend (frå Teatret Vårt): Tine Kjær.

MØTEFORA INTERNT:

Morganmøte med fagsjefar 2 g. pr. veke

Marknadsmøte 1 g. pr. veke

Lanseringsmøte info/salg/materiell 1 g. pr. produksjon.

Kunstnerisk råd 1 g. pr. mnd.

Produksjonsmøte 1 g. pr. veke i prøveperiodane.

1 planmøte og 1 rammemøte i forkant av kvar produksjonsstart.

Husmøte januar og august

6 styremøte er halde.

AMATØRTEATERDRIFTA

I 1995 vart det lagt vekt på å gi profesjonell hjelp til amatørane i fylket så som:

- Instruksjon
- Arrangere kurs på fylkesplan
- Arrangere kurs lokalt i kommunane
- Informasjon om tilbod frå teatret til lag, organisasjonar, skular, kommuner
- Utlån av utstyr som teatret disponerer
- Konsulenthjelp
- Revyfestival - 1996

LAG - ORGANISASJONER - SKULAR - KOMMUNAR SOM FEKK INSTRUKSJON OG KURS FRÅ TEATRET VÅRT I 1995:

DH-revyen, Molde
 Eira UL, Eresfjord
 Fræna BU, Elnesvågen
 Forskolen siv.tjen.Farstad
 Giskepelet
 Halsa Historielag
 Halsa UL
 Haram v.g. skole
 Haram v.g. skole
 Hjørungsvågspellet
 Innsmøla UL
 Jugenteatret, Ålesund
 Kleive Barnegospel
 Molde Ungdomsteater
 Rindal Kulturkontor
 Rindal Kulturkontor
 Skjevik u.skole,Molde
 Steinerskolen, Ålesund
 Surnadal BU
 Sykkylven Revyen
 Tingvoll b.o.g. u skole
 Tresfjord UL
 UL Fram, Rogne
 UL Fram, Åheim
 UL Utheim, Averøy
 Vestnes Teaterlag
 Vestnes Teaterlag
 Vike UL, Vikebukt
 Åfarnes skole
 Åram UL

Sminkekurs	Tante Jutta fra Calcutta
Instruksjon	Piken i bilen
Instruksjon	Arnungane og Olav Haraldsson
Instruksjon	Kabaret
Instruksjon	Skjærgårdsflørt
Instruksjon	Russerevy
Instruksjon	Maktkamp ved Hjørungavåg
Instruksjon	Mannfolk
Instruksjon	Collage
Instruksjon	Collage
Instruksjon	Draumkvedet
Instruksjon	Jeppe på bjerget
Instruksjon	Revy
Instruksjon	Revy
Instruksjon	Splint
Instruksjon	Kurs i skuespillteknikk
Instruksjon	Revy
Instruksjon	Snøkvit og Dvergane
Instruksjon	Revy
Instruksjon	Mobboffer
Instruksjon	Revy-/kabaret

LOKALE KURS

Sminkekurs
 Rindal 19. - 20.04.95 Ant. delt.: 10
 Lærar: Eldrid Karin Larsen

Lydkurs
 Rindal 29. - 30.04.95 Ant. delt.: 12
 Lærare: Nils I. Stølen/Jon Erik Myren

Dramakurs for barn
 Kårvåg 20.05.95 Ant. delt.: 25
 Lærar: Mette Mjelvæ

Dramakurs for barn
 Tingvoll 27. - 28.10.95 Ant. delt.: 26
 Lærar: Eldrid Karin Larsen

FYLKESREGIONALE KURS

Lyskurs
 Molde 13. - 15.01.95 Ant. delt.: 7
 Lærar: Annar Engell

Skuespillteknikk-kurs
 Åheim 20. - 22.01.95 Ant. delt.: 16
 Lærar: Terje Ranes

Sminkekurs
 Molde 9.-16.-23.-30.11.95 Ant. delt.: 14
 Lærar: Eldrid Karin Larsen

REVVYFESTIVAL 1996

I samarbeid med Tresfjord UL, har amatørteateravdelinga tatt del i planlegginga av festivalen som vert avikla 11.-13.-juli 1996 i Tresfjord.

TEATRET VÅRT OG HJELP TIL LAGA

Vi merkar ein positiv haldning rundt om i fylket til det arbeidet vi utfører og den hjelpa avdelinga gir til amatørteaterlaga,skular, organisasjoner og anna. Stadig nye skular ber om hjelp til å starte med drama og nye amatørteaterlag ber om hjelp til å starte opp.

Til saman har avdelinga registrert ca. 200 lag, foreningar, skular og anna som driv med amatørteater.

I tillegg til amatørteaterleiar Eldrid Karin Larsen, har desse hatt oppdrag frå avdelinga med instruksjon og kurs ute i laga:
 Endre Skar, Terje Ranes, Nora Plau, Peter Drabløs, Johs. Isaksen, Annar Engell, Mette Mjelvæ, Nils I Stølen og Jon Eirik Myren.

UTLÅN

Søknader om leige av teknisk utstyr aukar. Dette kan tilskrivast kurs i bruk av lysutstyr og lyssetting i lokallaga.

Utlån	1991	1992	1993	1994	1995
Teknisk	45	40	30	35	40
Kostymer	50	65	63	50	65
Manus	72	83	97	98	95
Manus (tal)	195	211	245	250	255

FYLKESREGIONALE KURS DEI SISTE FEM ÅRA:

Kurs	1991	1992	1993	1994	1995
	5	2	4	2	3

RESULTATREKNESKAP

		1995	Budsjett 1995	1994
I DRIFTSINNTEKTER				
1. Billett og programsal	Note 7	197.6366	2.335.000	933.557
2. Andre inntekter		30.9872	239.000	327.889
3. Driftstilskott		1.293.9722	12.906.000	13.039.855
SUM DRIFTSINNTEKTER		1.522.5960	15.480.000	14.301.301
II DRIFTSKOSTNADER				
1. Kostnader for arbeidskraft		10.012.460	9.752.602	8.948.224
2. Materialkostnader		491.480	373.000	384.904
3. Sal-og informasjonskostnader		531.448	485.000	420.450
4. Andre driftskostnader	Note 6	2.767.581	1.959.900	1.821.936
5. Kostnader vedr. lokaler		1.294.439	1.235.568	1.221.837
6. Kostn. vedr. turne og oppsøkj. verks.		993.245	1.068.000	896.481
7. Vedlikehald		320	25.000	15.528
8. Utstyrskostnader		86.265	85.000	58.361
9. Avskrivninger	Note 5	346.000	215.000	206.400
SUM DRIFTSKOSTNADER		16.523.238	15.199.070	13.974.121
III DRIFTSRESULTAT		-1.297.278	280.930	327.180
IV FINANSINNT./KOSTNADER				
1. Finansinntekter		49.514	25.000	54.148
2. Finanskostnader		-187.547	175.000	-159.748
Netto finansinnt./kostnader		-138.033	-150.000	-105.600
V RESULTAT FØR EKSTRAORD.POSTER				221.580
VI EKSTRAORDINÆRE POSTER				0
VII PERIODERES. FØR ARSOPPG.DISP.				221.580
VIII ÅRSOPPGJØRSDISPOSISJONAR				
IX ÅRETS RESULTAT		-1.435.311	130.930	221.580
DISPONERING AV ÅRETS RESULTAT				
Underskudd overført for inndekking senere år		-1.435.311		
Dekning av tidlegare årsunderskot				-221.580

NOTAR**NOTE 1**

Anskaffelseskost 1/1- 95	2.467.135
-tidlegare årsavskrivning	605.200
Anskaffelseskost 1/1	1.861.935
Årets tilgang	315.304
Årets avgang	0
Årets avskrivning	346.000
BOKFØRT VERDI	1.831.239

NOTE 2: AKSJAR OG AKSJONÆRAR:

Selskapet sin aksjekapital er kr. 50.000 fordelt på 25 aksjar a kr. 2.000.

Aksjonærar er:

Møre og Romsdal Fylkeskommune med 12 aksjar
Molde kommune med 12 aksjar
Dei Frilynde ungdomslaga med 1 aksje

NOTE 3: GODTGJERSLER:

For perioden 01.01.95 til 31.12.95 er det utbetalt:
honorar til styret med kr. 22.100.
løn og honorar til teatersjef med kr. 391.341.

Revisor har motteke fylgjande godtgjerdsel:
for ordinær revisjon kr. 25.000.

NOTE 4: ANDRE TILSKOTT:

Teatret har motteke 32.400kr. frå Norsk Kulturråd for kort-tidsskontrakt for dramatikar, 25.000kr. frå Sekretariatet for handlingsplan mot vold i bildemedia, 50.000kr. frå Det Kongelige Kulturdepartement for ny, norsk dramatikk, 60.000kr. frå Utledningsdirektoratet, 130.000kr. frå Arbeidsformidlinga vedr. sysselsetting/opplæring Kaja-midler, 22.000kr. frå Goethe Instituttet.

NOTE 5: AVSKRIVNINGAR.

Etter oppmoding frå revisor vedtok styret å endre avskrivnings-prosenten frå 10 til 20/25 på alle investeringane bortsett frå bygninga. Dette medførte ei meirutgift på 130.000kr. I tellekk vart det ein manko på 260.000kr. i billettinntekter på vårproduksjonen "A clockwork orange".

NOTE 6 SAMPRODUKSJON MED A/S THALIA

Det var avsett 180.000kr. til utgifter og medrekna ei inntekt på 300.000kr. til samproduksjonen. D.v.s. eit budsjettet netto inntekt på 120.000kr. Resultatet vart ein kostnad på 844.584kr. D.v.s. eit oppnådd negativt resultat på 664.138kr.

NOTE 7: BILLETTINNTEKTER.

Vårproduksjonen med "A Clockwork Orange" hadde ein billettinntektsvikt på ca.260.000kr. Den øvrige billettinntektsvikten skriv seg frå haustproduksjonane.

BALANSE pr. 31.12.1995

EIGNELUTAR	1995	1994	
OMLAUPSMIDLAR			
Kasse, bank	-764.738	724.970	
Debitorar	87.034	129.568	
Andr kortsiktige fordringar	220.460	87.116	
Depositum, leigebuarinskott	38.643	41.271	
SUM OMLAUPSMIDLAR	-418.601	982.925	
ANLEGGSMIDLAR			
Stiftelsen Bjørnsonfestivalen	10.000	10.000	
Leigebuarinskott	65.400	65.400	
Bygningsmessige innreiingar	1.831.239	1.861.935	
SUM ANLEGGSMIDLAR	1.906.639	1.937.335	
SUM OMLAUP. OG ANLEGGSMIDLAR	1.488.038	2.920.260	
KORTSIKTIG GJELD			
Skattetrekk, arb.gjev.avg. og andre trekk	597.543	430.708	
Påløpne feriepengar og arb.gj.avg.	779.695	677.520	
Diverse kreditorar	317.183	451.816	
SUM KORTSIKTIG GJELD	1.694.421	1.560.044	
LANGSIKTIG GJELD			
Lån FOKUS BANK	1.223.737	1.355.025	
EIGENKAPITAL			
Aksjekapital	Note 2	50.000	50.000
Reservefond		0	0
Dispositionsfond		0	0
Underskott		-1.480.120	-44809
SUM EIGENKAPITAL		-1.430.120	5.191
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL		1.488.038	2.920.260

MOLDE, 25. MARS 1996

Helge Linge
styreleiar sign.

Per Arne Skomsø
nestleiar sign.

Ingrid Løset
sign.

Ann Helene Skare
sign.

Guri-Britt Moltubakk
sign.

Gerd G. Austnes
sign.

Aril Martinsen
sign.

Borghild Rosvoll
økonomisjef sign.



Møre og Romsdal fylkeskommune

FYLKESREVISJONEN

**TIL GENERALFORSAMLINGA I
A/S REGIONTEATRET I MØRE OG ROMSDAL**

REVISJONSMELDING FOR 1995

Vi har revidert årsoppgjeren for A/S Regionteatret i Møre og Romsdal for 1995 som viser eit årsunderskot på kr 1.435.311. Årsoppgjeren, som er samansett av årsmelding, resultatrekneskap, balanse og noter, er avgjort av selskapets styre og teatersjefen.

Vår oppgåve er å granske selskapets årsoppgjer, rekneskap og selskapets økonomiforvaltning.

Vi har utført revisjonen i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og god revisjonsskikk. Vi har gjort dei revisjonshandlingane som vi har sett nødvendige for å stadfeste at årsoppgjeren ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar. I samsvar med god revisjonsskikk har vi kontrollert utvalde delar av grunnlagsmaterialet som underbyggjer rekneskapspostane og vurdert dei rekneskapsprinsippa som er nytta, dei skjønsmessige vurderingane som er gjort av leitinga, samt innhald og presentasjon av årsoppgjeren. I den grad det følgjer av god revisjonsskikk har vi gjennomgått selskapets formuesforvaltning og interne kontroll.

Offentlege tilskot er etter vår mening nytta i samsvar med Stortingets føresetnader.

Styrets forslag til dekning av årets underskot tilfredsstiller krava i aksjelova.

Vi gjer merksam på at selskapets eigenkapital er negativ og at styrets foreslår tiltak for å rette opp den økonomiske situasjonen vil krevje ei streng økonomistyring og løpende budsjettoppfølging dei neste åra.

Etter vår mening er årsoppgjeren gjort opp i samsvar med reglane i aksjelova og gjev eit forsvareleg uttrykk for selskapets økonomiske stilling pr. 31.12.95 og for resultatet av verksemda i rekneskapsåret i samsvar med god rekneskapsskikk.

Molde, 12. april 1996

Hans Blø

Ole Rødal

STYRE SI FRÅSEGN

Etter vedtekten for AS REGIONTEATRET I MØRE OG ROMSDAL, TEATRET VÅRT, er styret samansett av to representantar frå Møre og Romsdal fylkeskommune, to representantar frå Molde kommune, ein representant frå Dei Frilynde Ungdomslaga i fylket og to frå dei tilsette ved teatret.

Fungerande styret frå 1. januar til generalforsamlinga 23.05.95:

Møre og Romsdal fylkeskommune: Ingrid Løset, Stordal (varamedlem Else K.B.Andresen, 6650 Surnadal), Per Arne Skomsø, 6350 Eidsbygda, (varamedlem Jon Aasen, 6146 Åheim).

Molde kommune: Helge Linge, Molde (varamedlem Haldor Ulvund, Molde), Ann Helene Skare, Molde, (varamedlem Otto Chr.Sættem, Molde).

Dei Frilynde Ungdomslaga: Guri- Britt Moldtubakk (varamedlem Heidi Løkkinghold, 6420 Aukra).

Teatret Vårt: Frå den kunstnarlege gruppa: Svein Roger Karlsen (varamedlem Aril Martinsen), frå dei andre tilsette: Gerd G.Austnes (varamedlem Leif Rosvoll).

Fungerande styre frå generalforsamlinga 23.05.94:

Møre og Romsdal fylkeskommune: frå Møre og Romsdal fylkeskommune, Molde kommune og Dei frilynde ungdomslaga, som ovanfor.

Teatret Vårt: frå den kunstnarlege gruppa: Aril Martinsen (varamedlem Terje Ranes), frå dei andre tilsette: Gerd G. Austnes (varamedlem Mary Farstad).

GENERALFORSAMLING 1995

Ordinær generalforsamling i A/S REGIONTEATRET I MØRE OG ROMSDAL vart halden i Teatret sine lokale i Forum- bygget, Molde den 23.05.1995.

Desse møtte:

Møre og Romsdal fylkeskommune: ass. fylkeskultursjef Arvid Blindheim.

Molde kommune: Ordfører Einar Øveraa, konst.kultursjef Magne Orten.

Dei frilynde ungdomslaga: Svein Ivar Skodjevåg.

Fylkesrevisjonen: revisor Ole Rødal.

Styret for Teatret Vårt: Helge Linge, Ann Helene Skare, Ingrid Løset, Guri- Britt Moldtubakk, Gerd G. Austnes, Aril Martinsen.

Teatret Vårt: Teatersjef Morten Borgersen og administrasjonsjef Borghild Rosvoll.

Rekneskapen og årsmeldinga vart samrøystes godkjent.

Helge Linge samrøystes attvalt til styreleiar og Per Arne Skomsø nestleiar.

Fylkesrevisjonen vart samrøystes attvalt som revisor.

Godtgjersla for revisjon av 1994- rekneskapen vart sett til kr. 25.000.- .

STYRET

Styret har i 1995 vore samla til 6 styremøte og har hatt 25 saker til handsaming utanom dei faste punkta på saklista: godkjenning av referat frå siste styremøte og orientering om drifta v/teatersjefen.

ARBEIDSMILJØ

Arbeidsmiljøet på teatret har vore tilfredsstillande. Presentasjon av ny sesong, av enkeltproduksjonar og produksjonsmøte har vore med på å gje ein god informasjon og kommunikasjon rundt produksjonar og aktivitet.

Administrasjonen har gjennomført møter med diskusjon av faglege tema og evaluering av arbeid og drift. Skodespelarane har hatt faglege temamøter og foredrag i tillegg til kunstnarleg råd.

Bedriftshelseteneste har fungert tilfredsstillande.

YTRE MILJØ

Selskapet forureinar ikkje det ytre miljø.

SELSKAPET SI FRAMTID

- Den externe profileringa av teatret gjennom arbeidet med å byggje ut modellar for teaterformidling i dei einskilde kommunane, held fra. Likeeins utbygging av modellar for skuleteater for barn og ungdom.

- Den kunstnarlege profil med både klassikararbeid og ny norsk dramatikk, møte med instruktørar frå internasjonalt teater og ein annaleis ensemble- modell vil framleis utviklast.

- Investeringar i teknisk utstyr til turne og i eige lokale i Molde, vil måtte få høg prioritet.

- Turnékostnadene innafor nye formidlingsmodellar vil auke, og det vil vere naudsynt å arbeide for auka tilskot for å opprett- halde ei brei turneverksemid i fylket.

- Markere Teatret Vårt sitt 25 års jubileum.

ØKONOMI

Det offentlege tilskottet har vore 70% frå Det Kongelege

BILETEGALLERIET

Kulturdepartement, 15% frå Møre og Romsdal fylkeskommune og 15% frå Molde kommune.

Krav til eigne inntekter var 2.335.000 kr. og ved årsavslutninga viser rekneskapen at ein er kome opp i kr. 1.976.366 i eigne inntekter, 358.634kr. mindre enn budsjett.

Kostnadsramma for driftsutgifter vart sett 130.000 kr. (endra frå 200.000 etter budsjettkorrigering) lavare enn driftsinntektene, dette for å byggje opp eit disposisjonsfond/reservefond.

Årsresultatet viser eit underskott på 1.435.000 kr.

Overskridingane kjem frå: kostnader arbeidskraft, material- kostnader, sal/info og andre driftskostnader.

Aksjekapitalen er tapt og eigenkapitalen er negativ pr. 31.12.95.

Etter krav frå revisor vart avskrivningsprosenten heva frå 10 til 20 og 25 på alle investeringar bortsett frå bygninga. Dette utgjorde ein meirkostnad på 130.000 kr.

Styret har fatta vedtok om at underskottet og tapet av aksjekapitalen skal innarbeidast i budsjett for 1996 og 1997.



SIGNE OG SILKEVEIEN

Turi Tarjem



MIRAD EN GUTT FRA BOSNIA OG MOREN HANS

Bjørnar Teigen og Gøril Haukebø

TEATRET VÅRT SITT PERSONALE

ADMINISTRASJON

Teatersjef	Morten Borgersen
Administrasjonssjef	Borghild Rosvoll
Produsent	Halvard Fiksdal
Marknadssjef	Anne Christine Kjær
Marknadssekretær	Rolf-Inge Pedersen fra 8.5.
Billettskretær	Astrid Moen Thomassen fra 21.8.
Konst. avd. leder	Rolf-Inge Pedersen fra 1.12.
Amatørteaterleder	Eldrid Karin Larsen
Administrasjonskonsulent	Mary Farstad
Administrasjonssekretær	Evy Johannessen
Sivilarbeider	Rolf-Inge Pedersen (til 7.5) Rune Bruteig (fra 1.8...)

TEKNISK AVDELING

Inspisient	Bjørn Kalvatsvik Janny Meese (24.7. - 23.11)
Rekvizitor	Bergliot Rørvik (perm fra 1.7.) Hjalmar Hjernskog (vikar 24.7. - 23.11)
Lysmester	Annar Engell (sluttet 31.7.) Finn Landsperg (vikar fra 24.7. fast fra 1.12)
Systove	Åshild Mjåseth (leiar) Gerd G. Austnes
Sufflør	Geir Larsen (til 31.5) Alice Katrin Langø (fra 2.1. - 2011.) Nina Solvåg Høgseth (fra 24.7.) Jeanette Skjeggestad (fra 1.12)
Sufflør/rekvizitor	Lars Langset Leif Rosvoll
Teknikarar scene/verkstad	

KUNSTNARLEGE TILSETTE

Skodespelarar	Gøril Haukebø Svein Roger Karlsen (perm fra 3.12) Johan B. Kjeldsberg Ari Martinsen Terje Ranes Even Rasmussen (til 20.5) Vivi Sunde (fra 1.5.) (instruktør) Turi Tarjem (fra 1.1.- 30.5. + fra 1.11.) Randolf Walderhaug (perm fra 31.5.) Ingrid Jørgensen (fra 24.7.) Stein Grønli (fra 24.7.) Ingeborg Hungnes (fra 1.2. - 20.11) Duc Paul Mai The (fra 2.1. - 31.5.) Gørild Mauseth (fra 24.7. - 30.11) Camilla Strøm Henriksen (fra 24.7. - 15.11) Bjørnar Teigen (fra 1.8.) Grete Nordrå (fra 27.11) Mathias Eckhoff (fra 27.11)
Dramaturgar	Ulla Backlund Svein Gladsø (1/4 stilling)

Faste og deltidsansatte ialt 104 personer.

«Teatret Vårt»

AS REGIONTEATRET I MØRE OG ROMSDAL

Julsundvegen 4, 6400 MOLDE · Telefon 71 21 86 22 - Telefax 71 21 85 11